



# ÅRSMELDING 2019

## HAREID SOKN



DEN NORSKE KYRKJA  
Hareid Sokn

## INNHALDSLISTE

Saksliste årsmøtet	side 02
Soknepresten	side 03
Sokneråd og fellesråd	side 04
Statistikk	side 08
Gudstenesteutvalet	side 09
Diakoniutvalet	side 10
Kyrkje- og kyrkjegardsutvalet	side 12
Misjonsutvalet	side 14
Kyrkjemusikalsk utval	side 15
Undervisningsutvalet	side 16
Økonomi	side 17
Frivilligsentralen	side 18

Rekneskap og budsjett vert lagt fram i årsmøtet.

## SAKSLISTE ÅRSMØTE LAURDAG 28.MARS KL.16:00 I KYRKJELYDSHUSET

1. Konstituering av årsmøtet
2. Årsmelding 2019 for Hareid sokn
3. Førebelts rekneskap 2019
4. Budsjett 2020
5. Orienteringar frå kyrkjeverja

Årsmelding for Hareid sokn 2019 er utarbeidd av sokneråd, underutval og staben i Hareid sokn, og godkjent i soknerådsmøtet 11. februar 2020

Hareid, 04. februar 2020  
for Hareid sokneråd

Bente Andreassen Pilskog  
kyrkjeverje

### BILDE PÅ FORSIDA:

Hareid sokn fekk Hareid bedehus i gáve frå Hareid KFUK-KFUM og Indremisjonen i 2019. Dette vil vere til stor nytte og glede i soknet sitt arbeid! Vi har fått eit flott brukshus for mange tiltak i arbeidet, og for utleige til bygdefolk i sorg og glede. Foto: Hareid sokn

## Innsetting av ny sokneprest i Hareid

Lars Hartig-Tangedal (52) blei tilsett som ny sokneprest på Hareid med verknad frå sommaren 2019. Dette blei klart fredag 8. februar etter at Møre bispedømeråd gjorde vedtaket. Møre bispedøme hadde ansvaret for tilsettinga. Soknerådet i Hareid fekk også uttale seg og soknerådsleiaren fekk vere med når kandidatane blei intervjua.

23. juni var det innsetting ny sokneprest på Hareid bedehus (då kyrkja var under renovering). Det var ei flott gudsteneste med mange deltagande, både geistelege og andre. Soknerådet hadde ansvaret for kyrkjekaffien etter gudstenesta, som samla mykje folk.

Presten har vore tilsett i såpass kort tid, difor kjem han med eit personleg blikk i staden for årsmelding.

### Prestens hjørne

“Korleis er det – trivest de på Hareid?” Som ny prest på Hareid har det spørsmålet kome rett som det er, og var enkelt å svare på i starten. Med så mykje hjartevarme og omsorg vi vart møtt med, var det lett å konstatere at Hareid var ein god stad å lande.

Seinare har det ikkje kjentest like enkelt å vite kva svaret eigentleg skulle vere. For kva vil det seie ‘å trivest’?

Ifølge Kunnskapsforlaget sin definisjon er det mange dimensjonar ved ‘trivsel’: Å like seg, finne seg til rette, moglegheiter, vekst, utvikling, utfaldning, framgang, velvære.

Å like seg vil vel fange dimensjonen av ‘lukkekjensle’, å vere nøgd og tilfreds med livet. Når vi som prestepar er to som opplever kvarandre som ei uventa og rik velsigning langt ut i livet, kan vi absolutt kjenne att slike kjensler. Dei ville nok ha vore der uansett kvar vi landa. Og samstundes kjenner vi på kor mange ulike lag livet ber i seg. At óg sorgarbeidet har fått eit nytt fotfeste parallelt med at ein ny stabilitet i kvarda- gen set seg. Så lenge alt var i omskifting, fekk mykje stå på vent. Utfordringa for oss – som for så mange – er å finne den gode måten å gje tydeleg rom for både gleda og sorga utan at dei skal nøytralisere kvarandre. Begge kjensler talar sant om livet.

Å finne seg til rette har meir den sosiale dimensjonen i seg – korleis vi opplever ‘relasjonane til andre’. Og opplevinga har som sagt vore prega av mykje hjartevarme og omsorg som har blitt oss til del. Samstundes veit vi jo at det krevst

tid og investering for å byggje djupe relasjoner. Men vi kjenner ein god tillit til at det vil kome.

Og dimensjonen av ‘personleg vekst’ som ligg i trivsel-definisjonens fokus på framgang, moglegheiter og vekstvilkår, kjenner vi óg tillit til at vi vil finne blant alle dei fine menneska vi møter på Hareid.


Kva plass har så dette i ei årsmelding? Prestefamiliens subjektive vurdering av tilværet har snautt nok nyheitas interesse eingong. Likevel trur eg det på mange vis er nettopp i dette landskapet kyrkjelyden igjen og igjen vert vurdert.

“Trivest de på Hareid?” kan like gjerne vere spørsmålet om “Heldt det mål, det som fellesskapen her kan by på?” Gis det rom for både sorgarbeidet og for dei ulike uttrykka for glede? Kan ein finne seg til rette på Hareid gjennom å ta del i kyrkjelydens ulike samlingspunkt? Bygge relasjoner og finne grunnlag for å vekse som menneske?

Eg er framleis ny. Og innflyttar vil eg jo alltid vera. Men eg kjenner stor tillit til at med så mange gode menneske som investerer tid og krefter i å bygge gode møteplassar i kyrkjelyden, vil vi trivast. Og eg kjenner at eg ynskjer vere ein av dei som gjer at andre og kan finne ‘trivsel’ gjennom kyrkjelydens byggjande arbeid i lokal-samfunnet. For der Gudsriket er nær, får livet større rom for å falda seg ut positivt.

Hareid 04.02.2020

Lars Hartig-Tangedal  
- sokneprest -



SOKNEPREST i Hareid, Lars Hartig-Tangedal  
Foto: Hareid sokn

# HAREID SOKNERÅD OG HAREID KYRKJELEGE FELLESRÅD

## Frå 2015 - 2019:

Leiar Gunmar Grimstad  
Nestleiar Kjersti Røyset Toppol  
Medlemar Bjørg Vartdal Hareide, Wenche Roppen, Turid Engen, Lars Sellereite,  
Hege Tretnes, Elisabeth Myrene, Lidvar Grimstad

Varamedlemar Andre Gjerde, Dagfinn Snipsøy, Hallvard Sæverud, Greta Sandanger  
Goksøy, Jahn Kjell Fjørtoft, Elsa Hasund

Geistleg repr. Soknepresten i Hareid. Geistleg vararep. Soknepresten i Ulstein

I fellesrådet i tillegg: Kommunal repr. Kristian Fuglseth

Kommunal vara: Marit Øien Sæverud

## Etter valet i september ser samansettinga slik ut, tiltreding 01.11.2019:

Leiar Ann Helen Grimstad Worren  
Nestleiar Bård Grimstad  
Medlemar Marit Øien Sæverud, Stein Karstensen, Sissel Seljebotn,  
Hanna Elisabeth Langnes Moldskred, Øyvind Grimstad,  
Kristoffer Indreeide Grimstad

Varamedlemar Kjersti Røyset Toppol, Georg Fabian Stordal, Laila Kristin Bjåstad,  
Jahn Kjell Fjørtoft, Marit Nora Pettersen

Geistleg repr. Soknepresten i Hareid

Geistleg vararep. Soknepresten i Ulstein

I fellesrådet i tillegg: Kommunal repr. ordførar, Bernt Brandal

Kommunal vara Varaordførar, Annika Brandal

## I tillegg har soknet hatt følgande underutval:

Arbeidsutval, administrasjonsutval, forhandlingsutval, diakoniutval, gudstenesteutval, kyrkje- og kyrkjegardsutval, kyrkjemusikalsk utval, misjonsutval, undervisningsutval. Dei fleste av desse leverer eiga årsmelding.

Hareid sokneråd/Hareid kyrkjelege fellesråd har i 2019 vore samla totalt 9 gongar; Soknerrådet har hatt 9 møte og handsama 39 saker, fellesrådet har hatt 8 møte og handsama 28 saker. Rådsmøta vert vanlegvis haldne på kyrkjekontoret. Dei er opne for tilhøyrarar.

## Årsmøte 23. mars 2019

Årsmøtet var på bedehuset rett etter gudstenesta, og det vart servert brennsnut, kaker og kaffi. I tillegg til vanlege årsmøtesaker vart det presentert powerpoint med bilder frå årsmeldinga og aktivitetar gjennom 2019. Nytilsett kyrkje-tenar/gardsarbeidar (starta 01.04.) blei presentert og ønskja velkommen. Greta Sandanger Goksøy fekk kort fortelje om Kirkens SOS sin nye chattefilial under presentasjon av arbeidet til diakoniutvalet. Det var også ei orientering om det planlagte renoveringsarbeidet i kyrkja som starta opp seinare på året, og ei orientering om haustens kyrkjeval.

## **Renovering av Hareid kyrkje 2019**

Etter mange års prosessar om å ordne nytt golv i kyrkja, nytt oppvarmingssystem, kjøkenkrok, toalett og meir lagringsplass til stolar og bord, løyvde kommunen midlar til å starte prosjektering i 2018 og nye midlar for sjølve utføring av arbeidet i 2019. Soknerådet gav kyrkje- og kyrkjegardsutvalet løyve til å jobbe med renoveringsprosjektet i kyrkja saman med prosjektleiar frå Hareid kommune.

Arbeidet med renovering av kyrkja blei gjort i ein to-trinnsfase. Første trinn med golv og varme blei starta i juli/august 2019, andre trinn med ombygging av inngangsparti blei starta i oktober 2019. Ved årsskiftet 2019/2020 pågår arbeidet framleis i våpenhuset. Forventa ferdig våren 2020. Ein stor takk til både Hareid kommune og til utvalet som har hatt eit svært aktivt år med renoveringa.

## **Arbeidet i kyrkja femnar vidt**

Mange av aktivitetane til soknet skjer i kyrkja, som er i bruk nesten kvar dag gjennom heile året. I 2017 vart det gjort ei telling som viste at om lag 22.000 gjekk over kyrkjedørstokken, noko som i gjennomsnitt utgjer om lag 1800 kvar månad. Dette talet var ikkje noko mindre i 2018 og 2019. Talet er ikkje unike personar, men kvar gong ein person har besøkt kyrkja. Dette fortel uansett at arbeidet i kyrkja femnar vidt.

## **Utlysing av soknepreststilling**

Sokneprest Leidulv Ø. Grimstad sa opp si stilling på slutten av 2018, då han blei 68 år i mars 2019 og ønskja å gå av med pensjon sommaren 2019. Grimstad var sokneprest i Hareid i om lag 3 år. I tillegg var han i forkant av dette i ei 100 % vikarstilling som prest i Hareid frå januar til november 2016.

Det var svært gledeleg at det kom inn tre søkjrarar til stillinga som sokneprest i Hareid, spesielt når vi veit at det mange plassar i landet står ledige prestestillingar.

## **Innsetting ny sokneprest**

23. juni var det innsetting for vår nye sokneprest, Lars Hartig-Tangedal, på Hareid bedehus (då kyrkja var under renovering). Det var ei flott gudsteneste med mange deltakande, både geistelege og andre. Soknerådet hadde ansvaret for kyrkjekaffien etter gudstenesta, som samla mykje folk (les meir om soknepresten på side 3).

## **Kyrkjevalet 2019**

Det er kyrkjeval kvart fjerde år, samstundes med kommune- og fylkestingvalet, og vi nytta dei same fire vallokala – Hareid rådhus, Bigset skule, Brandal friskule og Hjørungavåg skule – med same opningstider. I tillegg var det mogleg å stemme på kyrkjekontoret ei periode og ein dag på Hadartun (same dag/tidspunkt som kommunen) og etter ei gudsteneste. Ved soknerådsvalet i 2019 var det 18,3 % (590 personar) som røysta og som med dette var med på å velje sokneråd for dei 4 komande åra 2019-2023. Ved valet i 2011 var dette talet 20 %. Tala er over landsgjennomsnittet, men vi må likevel ha som mål at frammøtet vert auka ved framtidig val. 8 av dei som stemte i 2019 var under 18 år. 2,3 % (75 personar) hadde førehandsrøysta enten på kyrkjekontoret, på Hadartun eller i høve gudsteneste. Det nye sokneråd/fellesråd er presentert på side 4 i denne årsmeldinga. Alle som er medlem i Den norske kyrkja og som fyller 15 år i valåret, kan stemme ved kyrkjevalet.

Det norske samfunn er i store endringar. På det religiøse området betyr dette større mangfald, auka friheit og mange valmoglegheiter. Midt i dette endringabildelet ønskjer vi som kyrkje å vere, som landets største trussamfunn, aktiv til stades i folke sine liov og kvardagar.



VIL DU VERE MED  
Å GI EI GÅVE  
TIL KYRKJELYDSHUSET?

KONTO: 3910.61.74494  
VIPPS: 525936

DETTE ER ØYREMERKA  
TIL KYRKJELYDSHUS

*Kjøkenet i kyrkjelydshuset vart renoverert hausten 2019, av innsamla midlar. Leidulf Hareide og Svanhild Giskødegård skal ha stor takk for prosjektering og gjennomføring på dugnad! Foto: Hareid sokn*

## Kyrkjelydshus i Hareid

Etter fleire år med vurderingar, samtalar og forhandlingar har soknet fått sitt eige kyrkjelydshus. Det har i fleire år vore arbeidd i KFUK-M og Indremisjonen på Hareid for at soknet, om mogleg, kan overta bedehuset til kyrkjelydshus. Soknet har på si side sagt at det må vere mogleg å få bygd på huset for å inkludere kyrkjekontor dersom det skal vere mogleg å ta over huset.

Sommaren 2019 vedtok Hareid kommune mindre reguleringsendringar slik at tilbygg for kyrkjekontor på huset kunne gjerast. Forutsetningane kom dermed på plass, og soknet tok over huset 31. oktober 2019. Ref. vedtak i Hareid kyrkjelege fellesråd 22. oktober, sak FR 21/19. Kommunen gjorde vedtak om tildeling av midlar slik at sluttprosjekteringen av tilbygget kan gjerast i 2020. Bygginga er planlagt å starte i 2022, slik at kyrkjekontoret er innflyttingsklart innan leigeavtalen for noverande kontor utgår 1. mars 2024. Tilbygget skal lånefinansierast, og dekkast tilsvarande dagens husleigetakst.

Huset ligg nær kyrkja og sentralt i enden av miljøgata, alt i alt ei god plassering til det aktive, omfattande og førebyggande arbeid som soknet gjer i lokalsamfunnet. Hareid sokn er ein viktig, lokal samfunnsbyggjar, og eit kyrkjelydshus som eit fleirbrukshus vert ein møteplass open for alle – og vil bidra til å skape eit meir levande sentrum, noko som det jobbast aktivt med i Hareid kommune.

Hareid Frivilligsentral, som er eig av Hareid sokn, har og mange aktivitetar som går føre seg i dagens kontorlokaler. Aktivitetane går føre seg både dagtid og kveldstid. Frivilligsentralen gler seg over meir areal til dette viktige, sosiale entreprenørskap i Hareid kommune. Det vil og vere ein positiv gevinst med nærleik til "Brukt & Billig"butikken som er driven av Frivilligsentralen, og som ligg like ved kyrkjelydshuset. Miljøgata og utearealet gir oss også nye moglegheiter til aktivitet.

Dei andre aktivitetane som allereie er på huset vil sjølvsagt også få tilgang for vidare bruk, mellom anna KFUK/KFUM som driv Speidaren, Ten Sing, samt andre korøvingar og møteaktivitet. Eit kyrkjelydshus som eit fleirbrukshus skal leigast ut til ulike arrangement som selskap, konfirmasjon, minnesamvær ved gravferd, og liknande med tilgjengeleg storkjøkken for dei som ønskjer det.

## Tilsette og frivillige

### Med Hareid kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjever:

Kyrkjeverje	Bente Andreassen Pilskog 100%
Sekretær	Eli-Sølv Jørnsson 50%
Kantor	Ida Teige 100%
Kyrkjelydsmedarbeider i trusoppl.	Barbro Landmank 100%
Ungdomsarbeider	Eli-Sølv Jørnsson 50%
Kyrkjetenar/kyrkjegardsarb.	Guro Toppol 20% (01.01.-sommaren 2019)
Kyrkjetenar/kyrkjegardsarb.	(Lønna gjennom Hareid KFUK/M)
Hareid Frivilligsentral	Bjarte Sunde 60% (40 % AFP) (f.o.m. 01.04.)
Medarbeider i trusoppl.	Jon Arnstein Haugen 100% (6 mnd: f.o.m. 01.04.- t.o.m. 01.10.)
Vikarar/ekstrahjelper:	Heidi Pedersen Kvalsvik, 100 %
	Anvor Sukka (5%)

### Vikarar/ekstrahjelper:

Odd Lykstad, Lidvar Grimstad, Ståle Helvig, Ingrid Nerhoel, Svenning Veiseth, William Sander Kvalsvik, Hallvard Grimstad.

### Med Møre bispedøme som arbeidsgjever:

Sokneprest i Hareid	Leidulf Ø. Grimstad, 100 % (fram til sommaren 2019)
Sokneprest i Hareid	Lars Hartig-Tangedal, 100 % (f.o.m. sommaren 2019)
Sokneprest i Ulstein	Margit Lovise Holte
Kappelen i Ulstein	Jørgen Skogestad Kleiven

### Frivillige i gudstenester:

Klokkarar:	Kjersti Toppol, Bjørg Vartdal Hareide, Inga Barstad
Medhjelparar:	Marit Øien Sæverud, Turid Engen, Cathrin Duweh
Kyrkevertar:	Toril Sæter, Reidun Melhus, Hege Tretnes, Wenche Roppen, Lidvar Grimstad, Lars Sellereite, Gunnar Grimstad, Aud Holstad, Alice Strømmegjerde, Nina Brandal.
Ansvar for lyd- og bilde:	Arne Kåre Toppol, Christoffer Bakkely, Hans Otto Brekke, Jostein Nedrelid, Kjell Arve Østrem, Trond Gustavsen
Blomar til gudstenestane:	Anne Sofie Brandal, Judith Pilskog, Rigmor Skeide Liavåg
Forbønsgruppe:	Ole Markus Pilskog, Irene Follestad Riise, Cathrin Duweh
Frivillige andakter Hadartun:	Kjell Einar Ljones, Irene Follestad Riise, Leiv Arne Grimstad.
	Piano: Toril Sæter, Tone Nedrelid, Lidvar Grimstad, Karen-Turid Bjåstad.

Ein stor takk går også til forsongarar, solistar og blåsarar som har vore med og gitt gudstenestene våre eit musikalsk løft i 2019.

I tillegg er det mange andre som også gjer ein innsats i og for kyrkjelyden vår.  
Soknerådet ynskjer å rette ei stor takk til alle!

Hareid 03.02.2020  
Gunmar Grimstad  
Soknerådsleiar

# SOKNERÅDET SINE UNDERUTVAL 2016-19

## Soknerådet sine underutval 2016 – 2019

**Arbeidsutval:** Leiar Gunmar Grimstad, Kjersti Røyset Topphol, Lars Sellereite, sokneprest, kyrkjeverja (sekretær).

**Administrasjonsutval:** Leiar Gunmar Grimstad, Kjersti Røyset Topphol, 2 repr. frå dei tilsette er Bjarte Sunde og Heidi Pedersen Kvalsvik, kyrkjeverja (sekretær).

**Forhandlingsutval:** Leiar Gunmar Grimstad, Kjersti Røyset Topphol, kyrkjeverja (sekretær).

**Diakoniutval m/kontakt i Kirkens SOS:** Greta Sandanger Goksøyr, Reidun Melhus, Ole Markus Pilskog, Bjørg Vartdal Hareide, sokneprest, leiar i frivilligsentralen.

**Kyrkje- og kyrkjegardsutval:** kyrkjetenar, Torgeir Ringstad, Jostein Nedreliid, Andre Gjerde, Lars Sellereite (leiar), kyrkjeverja.

**Gudstenesteutval:** Synnøve Overå Hide, Arne Kåre Topphol, Turid Engen (leiar), sokneprest, kyrkjelydspedagog, kantor.

**Misjonsutval:** Odd Lykstad, Petra Bakkely, Jahn Kjell Fjørtoft, Kjersti Røyset Topphol (leiar), Eli Sølv Jønsson.

**Kyrkjemusikalsk utval:** Leiv Arne Grimstad, Christoffer Bakkely, Lidvar Grimstad, Wenche Roppen (leiar), kantor.

**Undervisningsutval:** Kristian Fuglseth, Elisabeth Grimstad Kirkebø, Vibeke Holstad, Hege Tretnes (leiar), kyrkjelydspedagog.

**Styret i Hareid Frivilligsentral:** Bjørg Vartdal Hareide, vara: Andre Gjerde, Grete Røyset Bakken, vara: Ragnhild Strømmegjerde, dagleg leiar Hareid Frivilligsentral er sekretær.

## Statistikk til årsmeldinga 2019

Totalt antal medlemar i DNK Hareid pr. 31.12.2019	3925				
	2015	2016	2017	2018	2019
Innmeldingar	2	2	7	1	5
Utmeldingar	15	14	8	9	9
Døypte heimehøyrande i soknet	34	37	43	37	45
Gudstenestebesøk totalt/gj.snitt	8835/155	8340/139	9891/157	9314/157	8272/137
Antal gudstenester totalt	57	60	63	59	60
Nattverdsdeltakande	2882	2505	2386	2135	2401
Gudstenester med nattverd	37	40	36	38	38
Gudstenester i påska (4) besøkande i snitt	111	93	91	83	78
Kyrkjeoffer, beløp	301161	284445	258852	263044	271339

# GUDSTENESTELIVET

Gudstenesta er vårt kristne fellesskap, der vi samlar oss kring trua på Gud og Jesu Kristi oppstode - på tvers av alder, kunnskap og posisjon. Her kan vi alle kome som den vi er, og ta i mot av det. Gud vil gi oss. Lokalsamfunnet vårt er mangfaldig, noko som er ei velsigning for kyrkja og heile Hareid. Dette mangfaldet kan vi også sjå gjennom gudtenestene våre, som har ulike former og uttrykk. Nokre er spesielt retta mot born, og nokre er retta mot ungdom eller vaksne.

Vi ser og høyrer ulikt, vi tek del på ulikt vis, men gudstenesta har noko til alle. Eit ord, ein salme, eller ei bøn. Og ikkje minst er det viktig å sjå og kjenne på at vi er ein del av eit fellesskap.

Gudstenesteutvalet handsamar spørsmål knytt til gudstenester, gudstenesteplan, liturgi m.m og har dei siste åra hatt særleg ansvar for soknet sitt arbeid med utprøving av alternativ lokal gudstenesteordning, ny dåpsliturgi og vigselsliturgi som blei innført i Hareid kyrkje i 2017.

## **Saker som har vore oppe i utvalet er blant anna:**

Godkjenning av gudstenestelista for 2019/2020, diverse endringar i forbindelse med nattverden, kyrkjemøte har betsemt at liturgiane i Norge skal vere meir like. Hareid ynskjer å halde på vår lengst mogeleg eller søke om dispensasjon. Planlegging av fastetida 2020.

## **Program for fastetida 2019 har vore:**

06.03.19: Askeonsdagsgudsteneste v/Leidulv Ø Grimstad, Ida Teige og Hareid blandakor

13.03.19: Konsert med Stig Ulv

20.03.19: Temakveld om Per Sivle v/Kjell Einar Ljones

27.03.19: Salmekveld med Ørsta kyrkjekor og Ørsta brass

03.04.19: Solidaritesgudsteneste med konfirmantane, Leidulv Ø. Grimstad, Hareid Ten Sing m/fl.

10.04.19: Påskevandring for ungdom/vaksne

Vi vil gjerne oppfordre foreningar og lag om å legge møta sine i fastetida i kyrkja for å støtte opp om kyrkjelyden og det som skjer der.

Turid Engen -leiar-



I kyrkja kan vi kome som den vi er, med den trua som kvar enkelt har - og ta i mot av det Gud vil gi oss. Foto: Hareid sokn

# DIAKONIARBEIDET

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste og evangeliet i handling. Det dreier seg om nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.

Kva vil vi at diakoni skal vere i Hareid kyrkjelyd? Diakoniutvalet i Hareid har ansvar for å skipe til minnegudstenesta laurdagen før Helgemessesøndag. Denne gudstenesta er open for alle, men pårørande til dei som har gått bort siste året, vert særskilt inviterte. I tillegg er der ofte medlemer frå diakoniutvalet til stades på gudstenester der det er minning. Dei vil også vere aktive i handteringa av ulike crisesituasjonar i kommunen.

Soknepresten som er med i diakoniutvalet, er i kommunen sin krisestab.

Plan for diakoni i Hareid kyrkjelyd vart vedteken i soknerådet i februar 2016.

Planen er delt i fire hovudpunkt; Nestekjærleik, Inkluderande fellesskap, Vern om skaparverket og Kamp for rettferd.

Diakoniutvalet er ansvarlege/delansvarlege for desse punkta:

- Kirkens SOS under hovudpunkt Nestekjærleik.
- Minnegudstenesta under hovudpunkt Inkluderande fellesskap.
- Måltid etter skjærtorsdagsgudstenesta under hovudpunkt Inkluderande fellesskap.
- Universelt utforma gudstenesta under hovudpunkt Inkluderande fellesskap.

## Chattefilial Kirkens SOS

Chattefilialen på Myrvåg har vore i gang sidan oktober 2018. Frivillige og tilsette i Kirkens SOS håper mange nye vil delta på 40-timarskurset hausten 2020. Talet på dei som treng nokon å snakke med via chat, er aukande.

## Minnegudstenesta

Som vanleg var diakoniutvalet medarrangør av den årlege minnegudstenesta i kyrkja laurdagen før Helgemesse-søndag. Her vert dei som har misst nokon av sine nære i løpet av det siste året, spesielt inviterte. Intensjonen er at dei som kjem skal få ei fredeleg stund i kyrkjerommet. Det var godt oppmøte, og mange tende lys framme i etterkant av gudstenesta. I år var det Lars Hartig - Tangedal som leia minnegudstenesta.

## Måltid etter skjærtorsdagsgudstenesta

Etter gudstenesta skjærtorsdag kveld er det tradisjon at vi ommøblerer kyrkjerommet, dekker langbord med bollar og kaffi og har ei sosial samling. Måltidet blir avslutta med avduking av alteret. Anne Liv Holstad song «Fem raude roser», tekst Andreas Bjåstad og melodi Anita Winsjansen.



*Frå langbordet Skjærtorsdag.*

*Etter måltidet vert alteret avduka og vi går inn i natt til Langfredag.  
Foto: Hareid sokn*

## Universelt utforma gudsteneste

Både i 2018 og 2019 vart «Fjøresteinane» sin julekonsert i Hareid kyrkje, den tilrettelagte gudstenesta. Ein konsert med Fjøresteinane er for alle, og til glede for alle. Kontakten mellom Hjellebakken, diakoniutvalet og staben er viktig. Det er også viktig å inkludere alle i bygda med spesielle behov. Kven som i praksis skal ta kontakt, må snakkast om både i staben og i diakoniutvalet.

## Utanom diakoniplanen

Internasjonal middag. Tamilsk Kulturforening tok, som i 2018, ansvaret for Internasjonal middag. I 2017 var det mat frå mange land. I 2018 var det tamilske rettar med norske kaker til dessert, og i 2019 tok Tamilsk Kulturforening alt ansvaret. Det nye diakoniutvalet må vurdere om denne tradisjonen skal inn i diakoniplanen.

Meir om diakoniarbeidet er å lese i Frivilligsentralen si årsmelding.

For diakoniutvalet  
Greta S Goksøy



FJØRESTEINANE: Bildet viser litt av den supre gjengen i "Fjøresteinane" Dei har glede oss med konsert før jul dei to siste åra. Foto: Hareid sokn

## VÅRMESSE

Kyrkjelydshuset laurdag  
28.mars fra kl.12:30

**VIPPS 525936**



Kvar heile time er det korsang i storsalen:

kl.13:00 VI-koret

kl.14:00 Barnekantoriet


kl.15:00 Hareid Ten-Sing

kl.16:00 Hareid kammerkor, årsmøte for soknet



Kwart over heil time er det åresal. Tombola så lenge det rekk.  
Salgsbod; Leidulv's Brips, påsketing og tang, husflidsprodukt

# KYRKJA OG KYRKJEGARDEN



**FOLKEKYRKJA VÅR:**  
*Vi er ei kyrkje for folket, vi er ein del av lokalsamfunnet i Hareid kommune og ein viktig aktør i å gjere kommunen vår til ein god stad å bu og vekse opp i.*  
*Foto: Erlend Friestad*

Hareid kyrkje er ei kyrkje der alle er velkomne, og som bidreg til å gjere lokalsamfunnet til ein god stad å leve for mennesker i alle livsfaser. Det er viktig å ta vare på kyrkja og gjere nødvendig vedlikehald og tilpasningar til dagens aktiviteter i kyrkja.

Hareid kyrkje er ei listeført kyrkje frå 1877 og difor ikkje vore tilpassa mange av dei krava ein i vår tid set til offentlege bygg. Kyrkja er verneverdig og difor må renoveringsarbeid gå via riksantikvar og tilslutt godkjennast av biskop.

## **Renovering av kyrkja**

Etter mange års ønskjer og mange prosessar om å få nytt golv i kyrkja, nytt oppvarmingssystem, kjøkenkrok, toalett og meir lagringsplass i kyrkja, løyvde kommunen midlar til å starte prosjektering i 2018 og nye midlar for sjølve utføring av arbeidet i 2019. Soknerådet gav kyrkje- og kyrkjegardsutvalet løyve til å jobbe med renoveringsprosjektet i kyrkja.

## **Nytt golv og varmesystem**

Nytt furugolv er lagt i same dimensjon som det opphavelege frå 1877 (ligg rett oppå det opphavelege). Dei gamle og golvmonterte røyromnane under kyrkjebenkane er bytta ut med nye omnar fastmontert i kyrkjebenkane, samt konvektotorar på veggane (malt i same farge som veggane) med digital varmestyring ut frå aktiviteten i kyrkja. Denne nye kostnadseffektive-, samt miljø- og energivennlege løysinga, resulterte i Enøk-midlar frå Enova. Det tidlegare malte golvet framme i koret, fekk eit nytt strøk med maling, og nokre benkar har fått maling der det var flassa av. Vassrør presteskristi er isolert slik at røra ikkje frys i minusgraser. Det blei kjøpt inn 30 nye stolar i lys eik for å gi fleksibilitet framme i kyrkjeromet, tilsvarande stolar som i Nordstrand kyrkje.

## **Våpenhuset**

Det var ønskjeleg med tilbygg i inngangspartiet for kjøkenkrok, universelt utforma toalett og lagringsplass. Dette blei ikkje godkjent av biskop og soknet valte å lytte til ráða frå riksantikvar med å endre eksisterande inngangsparti. Dei gamle toaletta som hadde inngangsdør utandørs og hadde fleire golvnivå, blei endra til eit toalett med inngang frå våpenhus. Alt på eit golvplan og universelt tilpassa så langt det er mogleg i ei kyrkje frå 1877. Det er også laga eit bøttekott med utslagsvask for reinhaldsarbeid i kyrkja, areal for sprinklaranleggset, samt lagringsplass for stolar og bord i eit siderrrom til våpenhuset. Veggane i våpenhuset er mala og det gamle teppet på golvet er bytta ut med ny teppeflis. Vindu i trapp opp til galleriet hadde lekkasje og blei reparert, og delar av vegg nedenfor vinduet var difor råten og blei skifta ut.

## **Kjøken i dåpssakristi**

Det blei laga ein kjøkenkrok i dåpssakristiet, med ein kjøkenbenk, overskap, vask, steikeplate og kjøleskap. No slepp kyrkjevertane å springe opp og ned trappene med vatn, saft og kaffi, og matlagning til ulike aktivitetar er forenkla med ein velfungerande kjøkkenkrok. Det blei også lagt nytt furugolv i dåpssakristiet.

Mange av aktivitetane til soknet skjer i kyrkja, som er i bruk nesten kvar dag gjennom heile året.

## **Belysning**

Då mange spottar i koret var øydelagte, er desse blitt skifta ut med heilt nye spottar på skinner. Desse er no innstilt i ulike sonar som også kan dimmast. Bak i kyrkjeromet under galleriet, er det skifta ut med ny belysning då dei gamle var øydelagte og brannfarlege. Lysekrunene i kyrkjeromet har fått dimming.

## **Ytterdører**

Ytterdører er blitt renoverte. Dåpssakristidøra hadde eindel råte i nedre del og er blitt utbetra, det same er gjort med prestesakristidøra for å unngå same råteskade. Hovudinngangsdøra er også blitt utbetra med fornying av listverk og pakningar, slik at det ikkje lekk så mykje varme ut. Nokre av dørklinkane er renoverte. Arbeidet med renovering av kyrkja blei i løpet av 2019 gjort i ein to-trinnsfase. Første trinn med golv og varme blei starta i august, andre trinn med ombygging av inngangsparti blei starta i oktober. Ved årsskiftet 2019/2020 pågjekk arbeidet framleis i våpenhuset. Forventa ferdig våren 2020

## **Hjertestartar**

Kyrkja har fått hjertestartar i gåve frå overskotet Brukt & Billigbutikken til Frivilligsentralen, som heng ute ved hovudinngangen til kyrkja. Tusen takk for den flotte gåva!

## **KYRKJEGARDEN**

### **Tilbygg redskapshus**

I høve renovering av kyrkja er det mykje tekniske installasjonar, desse er plassert i eit teknisk rom i redskapshuset, samt to installasjonar/vifter som førebels står utandørs. Desse vil snart bli innebygd i høve eit lite tilbygg på redskapshuset.

## **Vårdugnad**

Den årlege vår-dugnaden på kyrkjegarden var avhelden laurdag 28. april kl 10, med i underkant av 20 som møtte. Det skulle gjerne ha vore fleire som tok del, då det alltid ein del å gjere i ein hage etter vinteren, og slik er det også på kyrkjegarden. Saman blir det kjent og arbeidet går raskare unna. Alle ynskjer at der skal vere velstelt og ryddig, slik at det er godt å kome dit. Når det nærmar konfirmasjon og 17.mai, er det ekstra kjekt at kvistar og gammalt lauv er fjerna, og kyrkjegarden er gjort klar for sommaren. Etter trefellinga i 2018, blei eit stor lauvtre ved barnegravene felt grunna råteskade. Der er det no planta ei lita japansk keiserbuske som vi håper kan vekse seg fint til. Det same er planta ved middelalderskiltet i forkant av kyrkja. Desse fekk vi frå ein privat gjevar.

## **Avfallssortering**

Til dei som går og steller og pyntar på kyrkjegarden, har vi ei bøn om at alle gjer sitt beste med å sortere avfallet. Kaste avfall i riktige søppeldunkar, slik at vi slepp å sortere avfallet - noko som steler tid som heller kan nyttast til å ordne det fint på kyrkjegarden.

## **Kyrkje-tenar/gardsarbeidarstillinga**

Då noverande kyrkje-tenar/gardsarbeidar ynskja å redusere si stilling, fekk vi ein nyttilsett kyrkje-tenar/gardsarbeidar i 100 % stilling f.o.m. 1. april 2019. Diverre valte han å søkje nye utfordringar utanfor soknet og slutta i oktober. Difor leigde soknet inn timesløna arbeid inntil ny tilsetting blir gjort. Etter innspeil frå staben, valte vi å avvente situasjonen med utlysinga til våren 2020. Det er svært utfordrande og vedlikehalde ein stor og utvida kyrkjegard, difor er det sterkt ønskjeleg at soknet snart får meir driftsmidlar til å auke stillingsprosenten for kyrkjegardsarbeid.

## MISJON & MISJONSPROSJEKTET

---

**«Misjon er ein del av kyrkjelyden sin identitet og eit uttrykk for at Gud har gjort oss til sine sendebod».**

Sitatet ovanfor er henta frå kyrkjelyden sitt visjonsdokument for 2016 – 2019.

Misjonsutvalet vil gjennom sitt arbeid hjelpe kyrkjelyden til å nå dette målet.

Hareid kyrkjelyd har avtale med Det Norske Misjonsselskap (NMS) om kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Thailand. Misjonsutvalet arbeider med å gje informasjon til kyrkjelyden om misjon generelt og om misjonsprosjektet spesielt, og med å samle inn pengar til misjonsprosjektet.



*Frå samlinga "Middag og Misjon" der det er åresal til inntekt for misjonsprosjektet. Foto: Hareid sokn*

I juni var vi med på å arrangere kyrkjelyden sin misjonsdag på Holesanden. I 2019 vart misjonsdagen sett til 2. juni. Inntekta gjekk kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt.

Misjonsdagen starta med gudsteneste. Arvid og Laila Helle møtte frå NMS. Han hadde gudstesta og ho fortalte frå misjonsarbeidet. Etter gudstenesta var det loddosal og trekning av loddbøker. Ute var det grilling av pølser og karbonader. Inne var det kaker og kaffi å få kjøpt.

Overskot kr 13169,- og i tillegg offer på kr. 6144,- vart overført til NMS.

Det var mindre frammøte enn tidlegare år, noko vi trur skuldast at det var langhelg, og mange var bortreist.

Søndag 17. november var det klart for Middag og Misjon etter barnas misjonsdag i kyrkja. Misjonsutvalet hadde ansvar for maten. Samlinga var i storsalen i bedehuset. Det var mykje folk, særleg mange barnefamiliar. Likevel noko færre enn året før. Det var sal av heimelaga brennsnut. I tillegg hadde vi kaker som var igjen frå misjonsbasaren kvelden før, i tillegg til nokre nye. Det vart selt årar til inntekt for misjonsprosjektet. 10-åringane i trusopplæringa hadde laga mange av gevinstane til åresalet. Margrethe Reve Brandsæter frå NMS var med både i kyrkja og på bedehuset. Ho har vore misjonær i Thailand i fire år, og har framleis mykje tilknyting til Thailand gjennom sitt arbeid i NMS. Barne- og Minikantoriet tok del både i kyrkja og på bedehuset. Overskotet til misjonsprosjektet vart på kr 16546,-.

Stor takk til alle som deltok på ulike måtar både på misjonsstemnet og Middag og Misjon. Tilsaman vart det sendt kr. 49112,- til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Thailand. Då er også kyrkleofringar på kr. 14397,- og kr. 5000,- innsamla av barnekantoriet medrekna. Faste givarar til misjonsprosjektet er ikkje medrekna i denne summen.

Kjersti Røyset Toppol -leiar-

# KYRKJEMUSIKALSK ARBEID

---

Kultur med kunst og musikk har til alle tider gitt form til kyrkja sitt bodskap og gjerne formidla det som ord ikkje har makta å forklare eller uttrykke. Kyrkjemusikalsk utval arbeider mellom anna med korarbeid i kyrkjelyden, samt planlegging og praktiske oppgåver i høve konsertar. Dette viktige kulturarbeidet i Hareid, tilfører stunder i kyrkja som inneholder musicalitet av god kvalitet og eit breitt mangfald. I tillegg er det også utelege av kyrkja til konsertar, som godkjennast av soknet. Ved konsertar og kyrkjemusikalske aktivitetar har utvalet teke del i planlegging og ordna praktiske arbeidsoppgåver.

## Aktivitet

Vi har hatt fem styremøter i 2019. Ved konsertar og kyrkjemusikalske aktivitetar har utvalet teke del i planlegging og ordna praktiske arbeidsoppgåver.

## Salmekveldar

Salmekveld 27. mars: Fastetid,- Ørsta kyrkjekor og ØB Brass tok del. NMS-foreininga hadde matserveringa.  
Salmekveld 29. sept.: Familiekveld,- Barnekantori, Tensing og Vi-koret tok del.

Salmekveld 14. nov. : Gospel og burger,- Ulstein gospelkor, Trude B. Sørdal og Sissel Riise tok del. Mat og kaffi er ein viktig del som avslutning på kveldane. Salmekveldane favnar mykje folk og mange av desse kjem til stadigheit med tilbakemelding at dei set pris på salmekveldane og variasjonen i arrangementa. Vi held fram med desse kveldane.

## Syng- og spel jula inn

Søndag 15. desember vart kor og korps i kommunen inndelt til å delta på to gudstenester. Lars Hartig Tangedal heldt andakt under begge to. Der var som åra før, mykje folk! Kora og korpsa stiller med brannvakter og kyrkjemusikalsk utval ser til at alt er på plass før gudstenestene startar.

## Kor, korps og solistar i gudstenesta

Kyrkjemusikalsk utval er svært takksame for alle dei som bidreg til gudstenestene våra med song og musikk gjennom heile året. Forsongargruppa har også vore svært aktiv dette året. Ida set opp halvårsplanar for kva tid den enkelte skal ta del. Det gjer det enklare å gjennomføre med dei nye, og enda ukjende salmane våra. I kommunen fins det nye spirar og vi er heldige å kunne bruke desse til våre aktivitetar. Dei gruppene som fungerer best er det når det er godt blanda med både nye tilkomrarar og erfarne travarar.

## Konsertar i regi av utvalet

- |                |                               |
|----------------|-------------------------------|
| 27. mars:      | Salmekveld «Fastetid»         |
| 29. september: | Salmekveld «Familiekveld»     |
| 14. november:  | Salmekveld «Gospel og burger» |
| 15. desember:  | Syng og spel jula inn         |

## Hareid barnekantori

Koret øvar i kyrkja kvar onsdag ettermiddag. Dei tek del på fleire gudstenestar i løpet av året, samt julekonsert. Dei syng og på sjukeheimen til stor glede for bebuarane der. Øvingshelgane med overnatting er høgdepunkt med både song, leik og moro. Koret er ope for alle gutter og jenter som har begynt i 3. klasse. Korleiarar er Sissel Riise og kantor Ida Teige.

## Utvalet

Kyrkjemusikalsk utval held fram med å jobbe for stunder i kyrkja som inneholder musicalitet av god kvalitet og eit breidt mangfald. Kommunen er velsigna med talentfulle innbyggjarar som vi i utvalet med glede nyttar i våra arbeid. Ei stor takk til kvar einskild.

Wenche Iren Roppen -leiar-

# UNDERVISNING OG TRUSOPPLÆRING

Undervisningsutvalet i soknet arbeider med tilrettelegging av undervisning for born og vaksne i soknet. Hovudsakleg er arbeidet konsentrert om trusopplæringstilbodet som vi har ein ferdig utbygd plan for, med tilbod til alle døypte mellom 0-18 år. Dette arbeidet har i mange år hatt oppslutning blant dei høgaste i landet. Vi ser svingingar år om anna, og det gledelege for dette året er at det gav vekst i dei tiltaka som har vore låge, og som vi gjorde særskilte endringar i.

## 24 ulike tiltak

I året som gjekk gjennomførte vi 24 ulike tiltak med ulikt preg i løpet av skuleåret. Det er viktig for arbeidet å følgje både skuleruta og kyrkjeåret. Vi har ikkje noko tiltak i løpet av skuleferier eller inneklemde fridagar, vi brukar tida rett etter skuletid og ser at det fungerer veldig godt. Då hentar vi borna på skulen og tek dei med til kyrkje eller bedehus. Dette gjeld og samlingar i krins, som igjen betyr at tilsette gjer same jobben 3-4 gongar i løpet av ei veke for å nå flest mulig born. Av 24 gjennomførte tiltak hadde 3 av tiltaka: 0-30% oppmøte, 16 av tiltaka: 31- 60% oppmøte (over halvparten av dei hadde 45% eller meir) og 5 av tiltaka: 61 – 100% oppmøte. Det tiltaket som hadde lågast deltaking hadde 19 % oppmøte. Ein må kunne seie at det er høge tal for frivilleg oppmøte etter skuletid. Tiltaka i alderen 15 – 18 år har alle over 40% oppmøte og ein ser at prosenten aukar med alderen. Gledeleg å sjå at oppmøteprosten er høg også når borna har blitt unge og bestemmer og melder seg på sjølve. Dei ynskjer å vere ein del av!

## Felles samling for heile kull i heile kommunen

Nokre av tiltaka er for heile kullet samla, i heile kommunen, då enten på ein leirplass eller i kyrkja. På denne måten tenkjer vi at vi har stor breidd i tilboda og eit godt tilbod for å nå flest mogleg born og unge. Mange av tiltaka for dei minste borna involvera også vaksne, enten som aktive fadrar eller foreldre som er tilstades. Slik når vi også fleire generasjonar på ein gong og kan dele fellesskap med kvarandre. Dette vurderer vi for fleire tiltak. Undervisninga er for mange tiltak lagt opp med innhald tilpassa kyrkjeåret.

## Dåpssatsing

Dåp var prioritert satsingsområde for den norske kyrkje i 2019.

Nye reglar gjorde at vi ikkje lenger får melding om fødde som vi kan sende invitasjon til dåp. Vi freista finne måtar å nå desse familiene på og utarbeidde ein informasjonsplakat som vi hengde opp på helsestasjonen, biblioteket, kyrkja og bedehusa i kommunen. I tillegg brukte vi nettsida og facebook til informasjon om dåp. I løpet av 2019 vart 10 døypt som ikkje var babyar.

Dette var barn og ungdom som har delteke i trusopplæringa, to konfirmantar og ein vaksen.

Hege Tretnes  
-leiar-



Evy Volle Pettersen strikka nydelig dåpskjole som vi har til utlån. Foto :Hareid sokn

**REKNESKAPSSKJEMA 1A - DRIFTSREKNESKAPEN**

**Vedlegg 1**

**Regnskapsskjema 1A - Driftsregnskapet**

Tall i 1 kroner	Regnskap	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap
	2019	2019	2019	2018
<b>FRIE DISPONIBLE INNTEKTER</b>				
Tlskudd og gaver frå andre	-76 053	-15 000	-15 000	-16 700
Ordinært rammetilskudd	-4 364 927	-4 186 000	-4 186 000	-3 980 927
Kalkulatoriske inntekter ved kommunal tenesteyting	-212 000	-212 000	-212 000	-212 000
Tilskot og gåver frå andre	0	0	0	0
Offer innsamla til eiga virke	-267 414	-156 500	-156 500	-308 427
Andre generelle statstilskudd	-685 203	-622 800	-622 800	-702 501
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>-5 605 597</b>	<b>-5 192 300</b>	<b>-5 192 300</b>	<b>-5 220 555</b>
<b>FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER</b>				
Renteinntekter og utbytte	-3 892	-1 500	-1 500	-2 679
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidler)	0	0	0	0
Renteutgifter, provisioner og andre finansutgifter	2 226	4 000	4 000	3 632
Tap finsansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0
Avdrag på lån	25 000	57 000	57 000	56 500
<b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>	<b>23 334</b>	<b>59 500</b>	<b>59 500</b>	<b>57 453</b>
<b>AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER</b>				
Til dekning av tidligere års regnskapsmessige merforbruk	194 663	0	0	0
Til ubundne avsetninger	0	0	0	207 671
Til bundne avsetninger	263 717	0	0	367 782
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	0	-102 600	-102 600	-367 782
Bruk av ubundne avsetninger	-213 315	0	0	0
Bruk av bundne avsetninger	-117 917	-32 900	-32 900	-61 957
<b>Netto avsetninger</b>	<b>127 149</b>	<b>-135 500</b>	<b>-135 500</b>	<b>145 714</b>
<b>FORDELING</b>				
Overført til investeringsregnskapet	18 652	0	0	0
Til fordeling drift	-5 436 462	-5 268 300	-5 268 300	-5 017 388
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	4 976 969	5 268 300	5 268 300	5 212 051
<b>Regnskapsmessig merforbruk/mindreforbruk</b>	<b>-459 493</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>194 663</b>

# FRIVILLIGSENTRALEN

---

## Mål/intensjonen med Frivilligsentralen

Sentralen skal bidra til å skape møteplasser og være en samhandlingsarena for frivillighet i lokalmiljøet. Vi skal samordne den frivillige innsatsen som både privatpersoner og frivillige organisasjoner i Hareid utfører, og dermed styrke og fremme det frivillige arbeidet. I tillegg skal sentralen være et kontaktsenter for alle som ønsker å delta i frivillig virksomhet, uansett alder, kjønn, økonomisk status eller etnisk tilhørighet.

Sentralen arbeider for å være åpen og inkluderende. Også i år har det blitt arbeidet med å skape gode møteplasser og at mennesker skal trives med å komme samme. Det er viktig å legge til rette for de personene som tar eget initiativ til en frivillig aktivitet, skal få drive med det. For sentralen er det viktig å kunne samarbeide med ulike lag/organisasjoner, skole, institusjoner etc. Dette for å kunne bidra til best mulig aktivitet og legge til rette for ulike møteplasser. Med dette kan vi forebygge ensomhet og sykdom. Lokalene står også tilgjengelig til utlån og bruk for frivillige lag og organisasjoner, og vi motiverer disse til å bruke dem. For hvert år er det flere som benytter seg av dette tilbudet. I tillegg til faste aktiviteter har daglig leder på Frivilligsentralen et «åpent» kontor. I løpet av året er det svært mange samtaler, spørsmål og praktisk hjelp som blir gitt, uten at det er mulig å tallfeste eller telle dette. Tilskuddet til Frivilligsentralen går nå inn i det ordinære rammetilskuddet til kommunen og overføres til den som driver sentralen (her Hareid Sogn) Det er ingen automatikk i dette, og en må hvert år arbeide aktivt for å få det med inn i kommunens budsjett. Det ser nå ut til at tilskuddet fra staten vil bli gitt pr antall innbygger. Det vil medføre en stor nedgang i tilskuddet for Hareid sin del, og sentralen går en usikker fremtid i møte. Uten ekstra overføringer fra kommune, vil sentralen måtte legges ned.

Antall frivillige som på fast basis gjorde en innsats i 2019 ligger på ca 90 personer, der noen deltar på flere aktiviteter.

### Oppgaver:

- o Organisere og legge til rette for frivillig arbeid.
- o Sette opp/ følge opp turnus for de frivillige som arbeider til faste tider.
- o Organisering og drift av Bruktbutikken.
- o Hobbyklubb på sentralen to ganger i uken.
- o Medarbeidermøter for Brukt og Billigbutikken.
- o Organisere Natteravnene Hareid. Rapportere til TRYG Forsikring.
- o Oppdragsgiver for Friomsorgen i Ålesund.
- o Oppdragsgiver for NAV
- o Arrangement arbeid ifht «Den kulturelle spaserstokk» Kommunen søker på midlene og vi bruker/arrangerer konserter etc.
- o Daglig leder i sentralen er fast medlem av Diakoniutvalget i Hareid Sogn.  
Delta/ lage til på Minnegudstjenesten og Skjærtorsdags- måltidet og ellers de arrangement som Diakoniutvalget står for.
- o Tett samarbeid med Hareid Kommune, Biblioteket, Ressurssenteret, og Dagsenteret på Hadartun.
- o Administrator for Facebook- sidene: Hareid Frivilligsentral og Brukt og Billig butikken
- o Medlem i nettverk for Søre Sunnmøre Frivilligsentraler. 5 møter i 2019.
- o Arrangere frivilligmøte annen hvert år.
- o Delta på aktuelle kurs.
- o Samarbeid med kommunen, Sjukeheimen (kulturkontakter, og pårørendegruppe)
- o Samarbeid med ulike lag og organisasjoner, som Sanitetsforening, Pensjonistlaget, AA forening, Hareid Idrettslag, Lions, HLF, Eldrerådet, Seniordans, Solringen/svaksyntgruppa, Revmatikerlaget og Søre Sunnmøre tamilske kulturforsening mfl.

## Aktivitetar

Aktivitetane er bygde opp etter fleire års erfaring. Her kan nemnast: Hobbyklubb to gongar i veka, besöksteneste på Hadartun, varesal på Hadartun, drift av Brukt & Billig-butikken, bibliotekdagar, åremålsbesøk, natteramn, høyrselshjelp, dialog med FAU v/ungdomsskulen, seniornett, innsamling av leike, klede etc. til asylsøkjavar og flyktingar, årleg utdeling av frivilligpris, konsertar/førestillingar på Hadartun omsorgssenter, laurdagskafé med Ulstein og Hareid Lions, «frokost for alle» mat og kultur, leksesamling på biblioteket, arbeidsutprøving, og gratis utlån av møtelokale til frivillige lag og organisasjonar.

I tillegg til faste aktivitetar er Frivilligsentralen eit «ope» kontor. I løpet av året er det svært mange samtalar, spørsmål og praktisk hjelp som vert gitt, utan at det er mulig å talfeste eller telje dette.

Alle frivillige gjer eit arbeid for fellesskapen som det står stor respekt av, og vi er svært takksame for innsatsen som dei frivillige bidreg med for å skape eit godt lokalsamfunn. Vi er og takksame for eit fellesskap prega av likeverd, deltaking og respekt for mangfald!

Heidi Pedersen Kvalsvik  
-leiar-

## Styret for 2019

### Fra Soknet:

Bjørg Vartdal Hareide. Vara: Andre' Gjerde.  
Grete Røyset Bakken. Vara: Ragnhild Strømmegjerdet  
Øyvind Grimstad Gryt. Vara: Odd Melhus

### Fra Brukt og Billig butikken:

Elsa Bigset. Vara: Ingebjørg Klungsøy.

### Fra frivillige lag og organisasjoner:

I år representert av Ulstein og Hareid Lions  
Arve Jensen. Vara: Birger Vatnehol

Bjørg Vartdal Hareide har vært styreleder.  
Daglig leder for frivilligsentralen har vært sekretær for styret.


Det har vært 4 styremøter, og det har blitt behandlet 11 saker.

### **Visjonen til Frivilligsentralen:**

**«Sammen skaper vi gode og inkluderende lokalsamfunn»**



**FRIVILLIGSENTRALEN TIL HAREID SOKN:** Sentralen har vært i drift siden 1992, og bidrar med mange gode tilbud. Hobbyklubben er ein populær møteplass, og det er rimelig fullt rundt bordene når de samles. Seniornett er et annet treffpunkt, der du kan få hjelp med ditt digitale verktøy. Foto: Hareid sokn



### Kontakt og kommunikasjon

Hareid sokn sitt arbeid er ein viktig del av tilbodet for innbyggjarane i Hareid kommune. Det er viktig å gjere kyrkja synleg på ein god og verdig måte, samt nå ut i ulike kanalar med informasjon om våre arrangement og vårt samfunnsviktige arbeid.

**Lokalavisa:** Annakvar veke har Hareid sokn ansvaret for å levere materiale til "Kyrkjessida" i lokalavisa Vikebladet. Vi sender også redaksjonelt stoff til lokalavisa, samt annonser ved behov.

**Heimeside og sosiale media:** [hareid.kyrkja.no](http://hareid.kyrkja.no) (utan www). Her kan du lese om våre aktiviteter, melde inn dåp, finne generell informasjon og lese nyhende. Å følgje med i tida og vere synleg på sosiale media er viktig for å formidle dei ulike ting som skjer. Samstundes lagast det informasjonshefter og invitasjonar som sendast ut i brevsform. Hareid sokn har også eiga Facebookside (Hareid kyrkje), det same har Frivilligsentralen vår (Hareid Frivilligsentral). Vi er også på Instagram (Hareid kyrkje) for å nå endå fleire.

# Meir himmel på jorda

Nettstad: [hareid.kyrkja.no](http://hareid.kyrkja.no)

Du finn **hareidkyrkje** på Instagram og Facebook



**DEN NORSKE KYRKJA**

Hareid Sokn